

# Referat styremøte



Gruppe: **Frivillig Rogaland**  
Møtested: Teams  
Møtedato/ -tid: **Mandag 30.04.20 kl. 10.00-12.30**  
Møteleder: Andrine Kallåk Homme. Referent: Åsmund Sigmundstad  
Deltakere: Guri Tysse, Nina Løvø, Andrine Kallåk Homme, Linn Skjold Økland, Heidi Reiersen, Eli Wallentinsen Haaland, Åsmund Sigmundstad  
Forfall: Einar Sanstøl, Linda Thorsvik var berre med litt i starten.  
Kopi til:

Styremøtet starta på Whereby men me gjekk over til å bruke Teams.

REFERANSE

JOURNALNR

DATO  
30.04.20

Sak nr.:		Ansvar
26/20	Godkjenning av innkalling og saksliste: Godkjent.	
27/20	Godkjenning av referat frå styremøte via Teams 30.03: Godkjent.	
28/20	Handlingsplanen: Lyttevenkonferanse er utset til 20.9 Andrine kontakter komite. Konferanse om ernæring og kosthald: Heidi knytter til seg personar og lager opplegg til ei fysisk samling, alternativt ei samling på nett. Inspirasjonssamling for frivillige vert 4. eller 7. desember. Nettverksgruppa til Linda eller Åsmund er komite i år. Linda og Åsmund avgjer kven av gruppene som er komite.	Andrine Heidi Linda/Åsmund
29/20	Økonomi. Nina orienterte: Har vore i kontakt med banken og brønnøysundregisteret. -- Styremedlem må sende personnummer på nytt til Nina, det har vore vanskar med å oppdatere informasjon om nytt styre i registeret. På konto pr 1.1.2020: kr 109.000. I tillegg kjem årskontigent frå frivilligsentralane og folkehelsemidlar på kr 172.000 frå fylkeskommunen. Styret vedtok å heve beløpa som er avsett i budsjettet slik: Inspirasjonssamling for frivillige kr 40.000. Årleg samling for daglege leiarar kr 40.000. Kurs/seminar for daglege leiar og frivillige innan ernæring/kosthald kr 30.000. Styret er positive til at dei sentralar som har nettverksleiarfunksjon får noko av folkehelsemidlane, dette vert tatt opp på styremøtet i juni og eventuelt meldt inn under behov for meir midlar frå fylkeskommunen.	Nina
30/20	Stoda; ei kort orientering/rapport frå kvar nettverksleiar v/Nina, Heidi og Åsmund: Mange gode aktivitetar, mange nye frivillige har meldt seg, mange frivillige har fått nye arbeidsoppgåver, litt utfordringar med å finne arbeid til alle frivillige som har meldt seg, etterspørsel er ikkje veldig stor, ein god del sentralar har hatt det veldig travelt andre har i det siste hatt det litt rolegare.	

31/20	<p>Referat frå møtet mellom fylket, WIS(utviklar InVi) og nettverksleiarane 22.4: Nettverksleiarane orienterte om møtet. Wis etterspør ein kontaktperson for den felles delingsplattforma på Invi. Styret valgte sekretær Åsmund som kontaktperson. Styret meiner det er nyttig med ei felles delingsplattform for frivilligsentralane i Rogaland. Viktig at det skal vere arbeidsbesparande for alle. Lytt til behov hjå sentralane.</p>	Åsmund
32/20	<p><b>Årshjul:</b>  Mai: Frivillig Rogaland oppfordrar alle frivilligsentralar å oppdatere informasjon på sine nettsider i løpet av mai. Kontaktinformasjon, opplysningar om aktivitetar og kva den enkelte sentral arbeider med.</p> <p>Mai: Frivilligsentralane sender inn behov og utfordringar til sin nettverksleiar innan 1. juni, dette skal vere grunnlag for styret til å melde inn behov for meir folkehelsemidlar frå Rogaland fylkeskommune.</p> <p>15.6 Friv. Sentralar som har gjennomførte folkehelseiltak sender rapport til Frivillig Rogaland.  18.6 Styremøte kl 10.00-13.00  15.8 Frist for Frivillig Rogaland til å melde inn behov om meir folkehelsemidlar til Rogaland fylkeskommune.</p> <p>Hausten: Konferanse: Trening, kosthald, fellesskap, dato ikkje sett.  Hausten: Årleg samling for alle daglege leiarar med erfaringsutveksling, SUFR.  10.9 Styremøte kl 10.00-13.00  20.9 Lyttevennkonferanse  10.11 Rapporteringsfrist fra daglige ledere på prosjekter som har fått folkehelsemidler.  26.11 Styremøte kl 10.00-13.00  4. eller 7.12 Felles inspirasjonssamling for frivillige.  Desember: Rapportering til Rogaland Fylkeskommune på partnerskapsmidler.</p>	
33/20	<p>Eventuelt:  -Rapporteringsskjema for folkehelseiltak må oppdaterast. Dei som har innspel sender det til Åsmund. Hugs at skjemaet skal innehalde det fylkeskommunen etterspør samstundes er det viktig at det skal vere så enkelt som mogleg å rapportere.  -Søknadsskjemaet om folkehelsemidlar bør justerast litt når det gjeld budsjett. Dei som har innspel på dette sender det til Åsmund.</p>	Åsmund Nina Åsmund
34/20	<p>Referatsaker:  Andrine og Åsmund orienterte om teamsmøtet med fylket 15.4.  Det vart orientert om søknader og tildeling av folkehelsemidlar pr 22.4.  -11 søknader kr 164.000 er tildelt. Gode søknadar/tiltak.</p>	

**Sekretær Åsmund Sigmundstad**